

Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 19. februar 2009

Til stades: Ida Berntsen, Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik, Ottar Grepstad (ikkje S 2.11, 2.12 og 2.13), Jan Hoel, Silje Solheim Karlsen (ikkje S 2.11, 2.12 og 2.13) og Magni Øvrebotten (ikkje S 2.11, 2.12 og 2.13)

Frå sekretariatet: Margrethe Kvarenes (rådgjevar) (S 2.7), Sylfest Lomheim (direktør), Eilov Runnestø (rådgjevar) og Aud Anna Senje (rådgjevar) (S 2.7)

Forfall: Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef)

Møtestad: Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo

Møteleiar: Berntsen

Referent: Runnestø

Møtetid: Kl. 10.30–16.00

Sakliste:

Vedtaksaker

- S 1.1/09 Førebels protokoll frå styremøtet 20. november 2008
- S 1.2/09 Rekneskap per 31. januar 2009
- S 1.3/09 Budsjett for 2009
- S 1.4/09 Strategidokument for perioden 2009–2011
- S 1.5/09 Verksemdsplan for 2009
- S 1.6/09 Revidert informasjonsstrategi 2009–2011
- S 1.7/09 Tiltaksplan for informasjonsarbeidet i 2009
- S 1.8/09 Budsjettforslag for 2010
- S 1.9/09 Nynorsk og pressestøtte – eit forslag til vedtak
- S 1.10/09 Kommentar frå styret til brevet fagråd 3 har sendt departementet om nytt normeringsregime
- S 1.11/09 Justering av retningslinjene for Språkprisen
- S 1.12/09 Høyringssak – endring i forskrifta til opplæringslova
- S 1.13/09 Høyringssak – endringar i universitets- og høgskolelova
- S 1.14/09 Livsfasepolitikk for dei tilsette i Språkrådet
- S 1.15/09 Styremøte utanfor Oslo

Informasjonssaker

- S 2.1/09 Rekneskap for 2008
- S 2.2/09 Årsrapport for 2008
- S 2.3/09 Frå det språkpolitiske kontaktmøtet 4. desember 2008
- S 2.4/09 Frå fagråda
- S 2.5/09 Samandrag frå omdømmesamtalar
- S 2.6/09 Språkdagen 2009
- S 2.7/09 Visning av www.klårspråk.no – den nye nettstaden for klårt språk i staten
- S 2.8/09 Språkbanken, status
- S 2.9/09 Mållovsstatistikken for 2007
- S 2.10/09 Presseomtale av saka om pressestøtte
- S 2.11/09 Personalsaker
- S 2.12/09 Nye kontorlokale for Språkrådet
- S 2.13/09 Annan informasjon

Eventuellsaker

Vedtakssaker

S 1.1/09 Protokoll frå styremøtet 20. november 2008

Sakspapir: Den førebelse protokollen frå novembermøtet

Vedtak: *Styret fjerna ei vedtaksformulering og godkjende deretter den framlagde protokollen.*

S 1.2/09 Rekneskap per 31. januar 2009

Sakspapir: Rekneskapen per 31. januar 2009

Vedtak: *Styret tok rekneskapen til etterretning.*

S 1.3/09 Budsjett for 2009

Sakspapir: Budsjettforslag for 2009

Vedtak: *Styret godkjende budsjettet for 2009.*

S 1.4/09 Strategidokument for perioden 2009–2011

Sakspapir: Notat frå sekretariatet januar 2009

Styret gjorde framlegg om nokre endra formuleringar.

Vedtak: *Styret vedtok strategidokumentet 2009–2011, som no har fått ein tenleg disposisjon.*

S 1.5/09 Verksemdsplan for 2009

Sakspapir: Utkast til verksemdsplan frå sekretariatet

Vedtak: *Verksemdsplanen vart godkjend.*

S 1.6/09 Revidert informasjonsstrategi 2009–2011

Sakspapir: *Ut med språket* – informasjonsstrategi for Språkrådet for 2009–2011, revidert i februar 2009

Vedtak: *Punkt 5 "Språkrådets omdømme" blir korta ned til halvparten. Rolla styret har, kjem inn som eit punkt frå vedtektene under rutinar og ansvar for oppgåver.*

Elles vart informasjonsstrategien godkjend.

S 1.7/09 Tiltaksplan for informasjonsarbeidet i 2009

Sakspapir: Notat frå sekretariatet januar 2009 over kva for område Språkrådet vil satsa på i informasjonsarbeidet i 2009, og kva for tiltak som skal gjennomførast.

Vedtak: *Styret vedtok hovudtrekka i planen.*

S 1.8/09 Budsjettforslag for 2010

Sakspapir: Budsjettforslag 2010 til Kultur- og kyrkjedepartementet vedlagt strategidokumentet for Språkrådet (justert februar 2009) Budsjett 2010 – rekneskap 2008 m.m.

Styret hadde vona å kunna drøfta budsjettforslaget for 2010 i lys av stortingsbehandlinga av språkmeldinga, men den behandlinga er utsett til 12. mars. (Etter styremøtet har det vorte kjent at ny dato er 28. april.)

Vedtak: *Styret ynskjer å realisera tiltak ut frå språkmeldinga både ved hjelp av prosjektmidlar og ved nokre faste stillingar. Det blir lagt inn ein ingress, eit premissavsnitt, i budsjettforslaget, som gjev styreleiaren og direktøren fullmakt til å forma ein tilleggssøknad til departementet om eventuelle prosjektmidlar etter at språkmeldinga er behandla i Stortinget.*

Styret vedtok elles budsjettforslaget for 2010.

S 1.9/09 Nynorsk og pressestøtte – eit forslag til vedtak

Sakspapir: Forslag til vedtak frå styremedlemmene Tor Fuglevik og Silje Solheim Karlsen

Forslaget munna ut i dette avsnittet:

“Språkrådet merker seg at nynorskkravet til TV2 og P4 – samt til NRK – aldri har vært fremholdt som noe brudd på grunnleggende presseprinsipper eller i strid med redaktørplakaten. Språkrådet mener at staten bør legge til grunn de samme prinsippene og stille de samme krav om redaksjonell bruk av nynorsk i de riksdekkende papir- og nettavisene som til privateide, konsesjonsbelagte radio- og fjernsynskanaler. Samtidig anbefaler Språkrådet at det utredes egne støtteordninger som målrettet kan styrke nynorsk avisutgiving og legge grunnlaget for flere nynorske dagsaviser.”

Vedtak: *Forslaget vart vedteke med fem mot to røyster. Styreleiar Ida Berntsen tok dissens på at styret skal behandla ei sak som knyter vilkår til pressestøtta.*

Styreleiar Ida Berntsen og styremedlem Jan Hoel tok vidare dissens i sjølve saka. Dei kunne ikkje stø eit forslag som set språklege vilkår for pressestøtta til aviser i strid med prinsippet om redaksjonell fridom, og som på vilkårleg grunnlag stiller krav til berre nokre få aviser.

Styret bed sekretariatet til neste møte førebu oppfølging av brevet 29. januar i år til KKD om språkpolitikk og pressepolitikk. Det bør særleg leggjast vekt på å føreslå ein rundebordskonferanse om dei spørsmåla som brevet tek opp.

S 1.10/09 Kommentar frå styret til brevet fagråd 3 har sendt departementet om nytt normeringsregime

Sakspapir: Brev frå fagrådet for normering og språkoobservasjon 23. desember 2008
Notat frå sekretariatet 30. januar 2009

Vedtak: *Fleirtalet i styret sluttar seg til kommentarane i notatet frå direktøren og sender dei over til departementet.*

Ein medlem sluttar seg ikkje til teksten i styresakspapira, men vil venta til departementet kjem styret i møte med framlegg.

S 1.11/09 Justering av retningslinjene for Språkprisen

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 13. januar 2009
Retningslinjene frå 25. februar 2008
Framlegg til justerte retningslinjer (februar 2009)

Det har synt seg at retningslinjene til Språkprisen ikkje har vore klåre nok, og nokre endringar er gjorde.

Vedtak: *Endra punkt 3: "I samarbeid med juryen kunngjer Språkrådet prisen kvart år før 1. april ..."*
Tillegg til punkt 4: "For kvar periode blir minst éin medlem skifta ut."
Endra punkt 6: "Juryen skal vera ferdig med arbeidet ein månad før tildelinga. [...]"

Dei oppdaterte retningslinjene er vedlagde protokollen.

S 1.12/09 Høyringssak – endring i forskrifta til opplæringslova

Sakspapir: Høyringsbrev frå Utdanningsdirektoratet 24. november 2008 vedlagt framlegg til endring av forskrifta til opplæringslova kapittel 17 og liste over høyringsinstansar
Utkast til høyringsfråsegn frå sekretariatet februar 2009

Høyringsfråsegna går inn på den nye definisjonen av læremiddel, om kva som

er eit læremiddel, at digitale læremiddel er likestilte med trykte, om unntaksreglar, om ansvaret skuleeigarane har.

Styret peikte på at når Utdanningsdirektoratet no omdefinerer kva eit læremiddel er, må sekretariatet sjå til at kontorstøtteprogram framleis kjem inn under kravet om kva som skal vera tilgjengeleg i parallellutgåver.

Vedtak: *Språkrådet må justera formuleringane i utkastet til høyringsfråsegn.*

S 1.13/09 Høyringssak – endringar i universitets- og høgskulelova

Sakspapir: Brev frå Kunnskapsdepartementet 15. januar 2009 vedlagt høyringsnotat om endringar i universitets- og høgskulelova og høyringsliste

Brevutkast frå sekretariatet til Kunnskapsdepartementet
Notat 29. august 2008 frå sekretariatet (bakgrunnsmateriale)

Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet 3. februar 2009, oppfølging av høyringsnotatet frå Kunnskapsdepartementet
Innspel til KKD frå Språkrådet, 10. februar 2009

Vedtak: *Denne formuleringa bør bli teken inn i universitets- og høgskulelova: "Undervisningsspråket skal til vanlig være norsk."*

Vidare sluttar styret seg til forslaget i høyringsnotatet frå Kunnskapsdepartementet, § 1–5: "Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk."

Styret slutta seg òg til dei problemstillingane notatet frå sekretariatet går inn på når det gjeld prosessen fram til korleis høgare lærestader skal arbeida med norsk fagspråk.

S 1.14/09 Livsfasepolitikk for dei tilsette i Språkrådet

Sakspapir: Notat 9. februar frå sekretariatet

Vedtak: *Styret tok til etterretning at sekretariatet vil utarbeida eit eige dokument om livsfasepolitikk innan 1. september i år.*

S 1.15/09 Styremøte utanfor Oslo

Sakspapir: Notat 16. januar frå sekretariatet

Vedtak: *Styret vedtok å leggja møtet 11. juni til Alta. I samband med opphaldet i Alta vil Språkrådet halda andre arrangement der 10. juni, gjerne i samarbeid med namnesekretæren for kvenske stadnamn, som held til i Alta.*

Informasjonssaker

S 2.1/09 Rekneskap for 2008

Sakspapir: Taloppstillingar og kommentarar til rekneskapen frå sekretariatet

Direktøren orienterte om resultatet. Språkrådet hadde ved årsslutt eit overforbruk på om lag 800 000 kr. På det førre møtet, 20. november 2008, vart styret informert om at det ville bli eit overskot ved årsskiftet på 2 %, altså om lag 400 000 kr. På seks veker har avviket frå prognose til resultat vakse til 1,2 millionar.

Styret uttrykte sterk uro over resultatet og den informasjonen styret fekk seint i november om overskot ved årsslutt. Styret ber om ei utgreiing på neste møte om dei økonomiske styringsverktøya til Språkrådet og rutinane for økonomistyring i sekretariatet.

Styret tok elles saka til orientering.

S 2.2/09 Årsrapport for 2008

Sakspapir: Årsrapporten i samband med innrapporteringa til den sentrale statsrekneskapen for 2008

Sekretariatet er pålagt å utarbeida årsrapporten etter ein viss mal. Styret skal ikkje godkjenna rapporten, men ha han til gjennomsyn.

Styret tok saka til orientering.

S 2.3/09 Frå det språkpolitiske kontaktmøtet 4. desember 2008

Sakspapir: Referat frå kontaktmøtet frå sekretariatet

Bakgrunnen for møtet er at Språkrådet etter omdanninga ikkje lenger har eit breitt samansett råd med medlemmer frå ulike organisasjonar og institusjonar. Språkrådet vil gjerne skipa ein formalisert kontakt med viktige språkaktørar i samfunnet, og både dei frammøtte mediefolka og representantane frå språkorganisasjonane meinte det var nyttig å knyta ein slik kontakt. Det er planar om eit nytt møte i 2009.

Styret tok saka til orientering.

S 2.4/09 Frå fagråda

Sakspapir: *Frå fagråd (1) for samfunn og høgare utdanning:* referat frå møta 1. og 2. desember 2008

Frå fagråd (2) for skole og offentleg forvaltning:

referat frå møtet 14. november 2008

Frå fagråd (3) for normering og språkobservasjon:

referat frå møtet 25. november 2008

sakliste for møtet 10. februar 2009

Frå fagråd (4) for terminologi og fagspråk:

notat frå fagrådet 18. november 2008 vedlagt

notat frå fagrådet 27. august 2008

notat frå fagrådet 22. september 2008

I samsvar med vedtaket i sak S 11.6/08 har Grete Faremo, tidlegare direktør for jus og samfunnskontakt i Microsoft Nord-Europa, kome inn i fagrådet for samfunn og høgare utdanning. Ho erstattar Kåre Verpe, informasjondirektør i Næringslivets Hovedorganisasjon.

Styret tok elles saka til etterretning.

S 2.5/09 Samandrag frå omdømmesamtalar

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 26. januar 2009

I samsvar med vedtaket i sak S 11.4/08 har sekretariatet i desember og januar arbeidd vidare med temaet omdømme. Emne som er drøfta er

- språkfagleg arbeid og synleggjering
- nettsider og publikasjonar
- publikumskontakt og saksbehandling

Styret tok saka til etterretning.

S 2.6/09 Språkdagen 2009

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 11. februar 2009

Språkdagen 2009 blir halden 11. november kl. 10–15 på Grand Hotel, Oslo. Fagrådet for normering og språkobservasjon er ansvarleg for programmet. Arbeidstittelen er *Språk og grenser*.

Notatet går inn på program, presentasjonsformer og økonomi. Styret reknar med at fagrådet kan halda seg innanfor den oppgjevne budsjettramma.

For at det kan bli lettare for styremedlemmene å delta på Språkdagen, vart styremøtet i november fastsett til den 12.

Styret tok elles saka til orientering.

S 2.7/09 Vising av www.klårspråk.no – den nye nettstaden for klårt språk i staten

Margrethe Kvarenes og Aud Anna Senje, rådgjevarar i språktenesta for statsorgan, informerte om "Klårt språk i staten" eit samarbeidsprosjekt mellom Språkrådet, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Prosjektet skal gjennomførast i perioden 2008–2010 og omfattar m.a. desse tiltaka:

- nettside med praktiske språkverktøy for statstilsette
- utdeling av klårspråkspis ein gong i året til ei statleg verksemd som har gjort mykje for å forbetra språket sitt
- økonomisk støtte og fagleg råd til statlege verksemder som vil forbetra språket og gjennomføra eit språkforbetringsprosjekt
- klårspråkskurs for statstilsette

Styret tok saka til orientering.

S 2.8/09 Språkbanken, status

Sakspapir: Notat (årsoversikt 2008) frå sekretariatet til interimsstyret for Språkbanken 20. januar 2009

Departementet har enno ikkje fastsett kvar Språkbanken skal lokaliserast.

Styret tok saka til orientering.

S 2.9/09 Mållovsstatistikken for 2007

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 2. februar 2009

Statsorgana rapporterer til Språkrådet om korleis dei etterlever krava i mållova. Kwart år utarbeider Språkrådet for KKD ein statistikk basert på denne rapporteringa og stikkprøver og nettsidesøk som Språkrådet gjer. I forståing med departementet blir statistikken for 2007 levert først no (jf. S 12./08).

Styret tok saka til orientering.

S 2.10/09 Presseomtale av saka om pressestøtte

Sakspapir: Frå Dagens Næringsliv 15.1.09
Aftenposten, 16.1.09
Fædrelandsvennen, 17.1.09
Klassekampen, 19.1.09
Aftenposten, 20.1.09
Aftenposten, 26.1.09
Dagens Næringsliv, 28.1.09

Bergens Tidende, 28.1.09
Bergens Tidende, 31.1.09
Aftenposten, 4.2.09
Tønsberg Blad, 12.2.09
Bergens Tidende, 14.2.09

Styret tok saka til orientering.

S 2.11/09 Personalsaker

Daniel Ims er tilsett i fast stilling frå 1. januar 2009.
Karianne Skovholt er tilsett i fast stilling frå 1. mars.
Øystein Baardsgaard er engasjert i eitt år frå 15. mars.
Ingrid Dahlø sluttar i stillinga si 1. april.

Styret tok sakene til orientering.

S 2.12/09 Nye kontorlokale for Språkrådet

Det er enno uvisst korleis løysinga på plassbehovet blir. Direktøren orienterte om sonderingar med ein eventuell utleigar.

Styret tok saka til orientering.

S 2.13/09 Annan informasjon

- Dei to nye stillingane i terminologi og fagspråk er utlyste.
- Det blir fellesmøte for fagråda og sekretariatet 6. mars, styreleiaren blir med.

Oslo, 27. april 2009

Ida Berntsen
leiar

Sylfest Lomheim
direktør

Retningslinjer for Språkprisen (19. februar 2009)

1 Prisen og føremålet

Språkrådet arbeider for å fremja og styrkja stillinga til norsk språk. Språkrådet deler difor kvart år ut ein pris for framifrå bruk av norsk i sakprosa.

Prisen heiter *Språkprisen* og blir gjeven som ein pengesum og eit diplom. Styret vedtek kvart år kor stor summen skal vera. Prisen er skattefri.

2 Kven kan få prisen

Kandidatar til prisen kan koma frå alle sentrale samfunnsområde – næringsliv, forskning, undervisning, forvaltning, presse og etermedium, teknologi, kulturliv. Prisen kan gå til ein person eller til ei gruppe (institusjon, bedrift, organisasjon).

Prisen skal gjevast for sakprosa på nynorsk og på bokmål kvart år.

Tilsette i Språkrådet, medlemmer og varamedlemmer av styret og fagrådsmedlemmer i Språkrådet kan ikkje få prisen.

Prisen kan gjevast for eit enkeltverk eller ein større produksjon frå dei siste fem åra.

3 Forslag til kandidatar

I samarbeid med juryen kunngjer Språkrådet prisen kvart år før 1. april og oppmodar alle interesserte til å gjera framlegg om kandidatar til Språkprisen innan ein fastsett frist.

Framlegga kan gjerne vera grunngjevne.

4 Jury

Styret nemner opp ein jury på fire personar til å vurdere kandidatar. Funksjonstida til juryen er to år, men medlemmene kan oppnemnast for meir enn éin periode. For kvar periode blir minst éin medlem skifta ut. Styret peikar ut leiaren. Ein rådgjevar i sekretariatet fungerer som sekretær.

5 Innstilling

Juryen lagar ei innstilling til styret. Innstillinga skal vera grunngjeven. Juryen har rett til å vurdere eigne kandidatar, i tillegg til at dei vurderer innkomne forslag.

6 Avgjerd

Juryen skal vera ferdig med arbeidet ein månad før tildelinga. Innstillinga bør leggjast fram for styret før vinnarane blir kontakta. Dei bør varslast tidleg så dei får høve til å planleggja å delta på prisutdelinga.

7 Utdeling

Styret, ved styreleiaren, deler ut prisen i samband med den årvisse Språkdagen.